

Krigsminne-vandring i Hå

8. mai 1945 vart ein festdag for landet vårt. I fem år hadde framande styrt og okkupasjonsstyrkar stått i landet. Det var fem lange år under framandåk som sette djupe merke i land og folk, ikkje rart at nasjonen var i festrus.

Det beste var at freden kom utan krigshandlingar på norsk jord. Men kampen for å få denne freden var utkjempa på mange felt både her i landet og utanfor landet sine grenser, ikkje minst i handelsflåten, gjennom sabotasjehandlingar, flyktningtransport og oppbygging av heimestyrtkar. Mange stader i landet bar stygge merke etter krigen, etter øydelegging og festningsliknande byggverk frå okkupasjonsmakta si oppbygging av "Festung Norwegen".

Men midt i festen og gleden over at landet var fritt, var det likevel mange som sat i sorg over tap, tap av eigedom, tap av ungdomstid, tap av helse, eller tap av nokon som stod ein nær. For mange har kanskje heile etterkrigstida hatt denne blandinga i seg, glede over freden og sorg over tap eller mangel på støtte.

I 50 år har landet vårt hatt den freden vi fekk i 1945. Dette er det stor grunn til å gle seg over og markera.

Også her i Hå sette krigen sine merke, både på folk og landskap.

Ved denne fredsmarkeringa har ein fått fram ein del av minna frå krigens dagar her i kommunen. Kanskje det måtte gå så mange år før folket kan tillata seg å sjå på dette som ein del av kultur-landskapet, for det er gjerne knytta mange vonde minne til både stader og hendingar.

Det var lite direkte krigshandlingar i Hå, ingen front mot front, men Hå-buen hadde likevel storkrigen innpå seg. Kvardagen var annleis. Tyske soldatar var å sjå overalt, i alle bygder. Her var fleire store forlegningar; på Nærland, Tryggheim ungdomsskule, Ueland i Varhaug, Hårr og Ognå. Ein kunne sjå flyåtak og sjøslag, fly og båtar som gjekk under, og bomber som fall i utmarka. Og når slikt skjedde, var folk forvitne og prøvde følgja med frå stoveglas og bakkekantar. Dei djervaste klatra jamvel opp på hus- og løetak. Tyske soldatar var forbløffa og tykte jærubuen var dumdrisig, så lite redd som han var.

27 utanlandske krigsheltar, 10 polakkar og 17 engelskmenn, enda livet sitt i tyske massegraver i sanddyner på Brusand, fordi to ulike og spanande fly-operasjonar fekk katastrofale utfall.

Også mange tyske soldatar som omkom i allierte åtak på tyske farty, vart gravlagde i sanddynene her.

"Englandsfararane" har eit eige kapittel i krigs-soga. Unge menn frå kommunen ville over Nordsjøen for å gjera teneste i motstandsørsla. Med fare for livet la dei ut frå Obrestad hamn. Dei fleste overfartane lukkast, men ein planlagd tur vart oppdaga av Gestapo. 15 jærubuar vart seinare skotne av tyskarane. Men mange kom og frå tysk fangenskap i live. Om lag 40 Hå-buar måtte av ulike grunnar sona på Grini og/eller i tyske leirar.

Tyskarane bygde forsvarsanlegg mot ein eventuell alliert invasjon mange stader i kommunen: Tre større kystbatteri, kvart med fire kanonar, noko luftvern og nærsikring, vart bygde på Obrestad, Hårr og i Vedafjellet i Sirevåg. Desse anlegga vart strategisk supplerte med fleire nærforsvarsstillingar eller sperrestillingar langsmed strandlinja. På Ueland sette tyskarane opp ein enorm radar. På Hanaberget på Nærbo stod og ein stor radar. Her var óg fire store jernbane-

kanonar mot slutten av krigen. Og på Nærland lytta tyskarane etter fiendtlege fly.

Få har vel unngått å sjå eller høyra om "Hitler-tennene" på Brusand, som skulle hindra tanks i å koma innover. Mange jærubuar måtte tvangsarbeida for tyskarane på Brusand. Tanksperringa, eller "tyskarmuren", held fram som ein massiv steingard og med grøfter bortover Kvalbein. Ein lang steinmur reiste seg og, sakte men sikkert, frå Obrestad/Njærheim og nordover. Mang ein Hå-bu vart tvinga til dette arbeidet. Heile Hå-kysten fekk etterkvart eit minebelte

ytterst, fleire titusen miner. Og minene har vore til gru-både folk og fe strauk med etter å ha kome borti. Nokre vart attgloyme under oppreinskinga etter krigen, og mang ei mine har seinare kome "opp i dagen". Ein kan framleis sjå tydelege spor etter minebeltet, til dømes på Kvalbein.

Alle desse festningsanlegga er eit vitnemål om at den lange og opne Jær-kysten var eit område det var viktig for okkupasjonsmakta å ha kontroll over.

Det er sett opp plakatar med orientering om dei ulike anlegga frå krigens dagar på Nærland, Hanaberget, Ueland, Brusand og Vedafjellet.

Ein del nordmenn arbeidde frivillig for tyskarane. Dei hadde ulike grunnar for å gjera det. For enkelte vart det slik gjennom det daglege arbeidet. Det var ei samblending av at arbeidet både tente det norske samfunnet og var ein del av okkupasjonsorganisasjonen. Andre gjekk inn i ei meir aktiv tysk teneste som skapte frykt og vanskar både for motstandsørsla, for vanleg nabofelleskap og for eigen familie. Mange har måtta lida gjennom heile etterkrigstida på grunn av dette. Kanskje kan denne fredsmarkeringa og gleden over at landet har hatt fred i så mange år, vera med å lækja desse sår som krigen skapte.

FERDSELSREGLAR

Vi vil minna deg om dei vanlege ferdelsesreglane:

- Hugs bandtvang heile året. Bonden kan avliva hund som jagar husdyr.
- Vis respekt for andre sin eigedom.
- Alle murar og andre inngrep som er gjort i desse områda er rekna som kulturminner, ver varsam så du ikkje skadar desse.
- Øydelegg ikkje gjerde. Lukk grinder.
- Ta med søppel heim.
- All motorferdsle ved anlegga er forbode, parker på parkeringsplass.

• **Då dette er gamle festningsanlegg med mørke tunnelar og bunkerar, må du ha med lommelykt og visa stor varsemnd.**

• **Dette området er ingen leikeplass for barn, ver difor samen med vaksne.**

• **Du ferdast i området på eigen risiko.**



Hå kommune
Postboks 24
4360 Varhaug
Tlf.: 51 43 60 00



- | | | |
|-----------------|-----------------------------------|------------------|
| Turvegar/løyper | Severdigheter | Observasjonstårn |
| Radiomaster | Informasjonstavler om krigsminner | Tanks-sperring |




Krigsminne-vandring i Hå

NÆRLAND LYTTTESTASJON

Nærland vart eit viktig militært område på Jærkysten for den tyske okkupasjonsmakta. Tyskarane kom hit og tok området i bruk 17. mai 1940.

I 1913 - 14 hadde Det Norske Telegrafvesen bygd opp ein radiostasjon på det området som i dag er Nærlandheimen. Denne drifta vart nokså snart nedlagd, og plassen var ei tid badesanatorium. Då Diakonforbundet kjøpte området i 1939 og ville starta heim for psykisk utviklingshemma, hadde bygningane stått tome ei tid. Dei kom ikkje i gang med arbeidet før krigen, og vidare planar måtte utstå til krigen var slutt.



heimen. Steinhuset står enno, men dei andre bygningane frå den tida er skifta ut med nybygg. Tyskarane reiste mellom anna ei stor messebrakke som i mange år etter krigen vart nytta som forsamlingshus.

Rundt i området bygde tyskarane seks peilestasjonar. Det var små hytter som kvar var omkransa av fire 20 - 30 meter høge antennemastar. Gjennom dette systemet utvikla den tyske krigsmakta elektronikken til bruk i krig. Det seiest at dei allierte i sitt radiosamband nytta enkle kodar som tyskarane lett knekte. Dei allierte sitt motmiddel var å skifta kode ofte.

Lytttestasjonen måtte vernast, og tyskarane bygde eit forsvarsanlegg som strekte seg til sørom Obrestad. Heile området var minelagt, og i følge tysk arkiv var 9851 miner utplasserte i dette strandområdet. I tillegg bygde dei bunkerar med kanonstillingar, tre nordom og tre sørom lytttestasjonen. Det var 2 cm Flak luftvernkanonar. Dei kamuflerte bunkerane som jordhaugar med fyll-

masse frå Skeie. Til transporten la dei eige trallespor og hadde dieseldrive lokomotiv. Dei nytta seg av utkommandert norsk mannskap til denne bygginga.

Det tyske arkivmaterialet fortel at det var 355 tyskarar i regimentet på Nærland pr. 1. juni 1943. På Obrestad la dei Hær-kystbatteri nr. 16 i regiment 978. Her var styrken på 120 mann på det meste.

Det var tyskarane som bygde fyrtårnet på



Obrestad som observasjonstårn og eldleingsentral. Dei bygde og bunkerar og hadde fire 10 cm K17 feltkanoner her. Like sør for Obrestad fyr hadde dei ein observasjonspost med mobil radar knytta til lytttestasjonen på Nærland.

Det meste av festningsverket er vekke no, men enno er mange krigsminne synlege i dette området.



Det var det tyske Luftvarslingsregiment 355, tredje avdeling, som inntok Nærland. Deira oppgåve var å avlytta engelsk flysamband, ein sentral aktivitet både for den offensive og defensive krigføringa.

Sjølve lytttestasjonen vart liggjande i det som vert kalla "Steinhuset" på Nærland-



KRIGSHENDINGAR PÅ SJØEN

Heile norskekysten spela ei svært viktig rolle i krigen. Kva hadde havet utanfor Jæren å seia i krigføringa, for okkupasjonsmakta, for dei allierte og for folk i Hå?

Det lange opne havstykket utanfor Jæren, med få og dårlege hamner, var ei stor utfordring for skipsflåten den gongen som no.

For okkupasjonsmakta var utfordringa å unngå åtak frå dei allierte. Dei hadde stor bruk for skipstransport langs kysten både av personell og materiell. Havstykket er så langt og ope at dei allierte kunne nå skipsfarten langs kysten med fly frå basar i England og Skottland. Det var ikkje utan grunn at tyskarane bygde kystartilleri, radarstasjonar og lyttestasjonar langs heile Jæren. Allierte fly kom likevel gjennom og sette inn åtak på tyske transportskip og krigsskip, anten dei gjekk enkeltvis eller i konvoi. Mange tyske skip gjekk ned på Jærehavet etter allierte åtak, omlag 15 i området utanfor Hå.

Nokre av desse var:

- Genua, ein tysk lastebåt på 1949 bruttotonn, vart skoten i senk av britiske krigsskip i Ognabukta 14. oktober 1940. 78 omkomne.

- UJ 175, ein ubåtjagar på 527 bruttotonn vart senka utanfor Nærland 7. januar 1941. 10 omkomne.

- Graziella var opphaveleg ein norsk lastebåt på 2137 bruttotonn. Den vart senka av fly utanfor Kvasseheim fyr 16.

- september 1943. Talet på omkomne er ukjent.

- M132, ein tysk minesveiper på 898 bruttotonn, vart torpedert av britisk krigsskip i Ognabukta 20 september 1944. 11 omkomne.

- Vela var ein norsk lastebåt på 1184 bruttotonn som tyskarane hadde okkupert. Den gjekk i same konvoi og vart torpedert samstundes med M132. Talet på omkomne er ukjent.

8. september 1944 hende noko som mange på Varhaug vil minnast. Den hollandske lastebåten "Hengelo", som var i tysk teneste, kom frå Nord-Noreg med militært utstyr. Tre britiske fly gjekk til åtak og gjorde stor skade på båten før mannskapet fekk han inn i Madland hamn. Det hollandske mann-



skapet gjorde mytteri, drap truleg den tyske kapteinen, sette styrehuset i brann og forlet skipet. Mange følgde denne hendinga frå land. Skipet vart liggjande i hamna vinteren over. Det vart sett i stand og drog vidare utpå vårparten 1945.

I krigsåra var det mange nordmenn som prøvde koma seg ut or landet for å gå inn i handelsflåten eller anna aktiv krigsteneste. Mange av desse rømde over havet til Skottland, Shetland eller Orkenøyane i større eller mindre farty. Slik var det i Hå og. Obrestad hamn vart utgangspunktet for fleire overfartar.

Dei to første som starta denne utfarten frå Obrestad, var Ole Antonsen Reiestad frå Varhaug og Alfred Kvitvær frå Nærbø. Kvitvær var frå Nord-Noreg og styrmann. Begge to var sjømenn som ville inn i handelsflåten og gjera ein innsats for landet. Dei tok ut tidleg i juli 1940 i ein 19 fots motorbåt og nådde Peterhead i Skottland etter 54 timar i

sjøen. Reiestad omkom etter berre tre månader då tankskipet han hadde hyre på, vart torpedert. Kvitvær hadde teneste i den amerikanske handelsflåten heile krigen og resten av den yrkesaktive tida si.

Neste overfart var 5. september 1941. Då la ei skøyte ut med kurs for Skottland. 10 mann kom velberga over. Berre tre dagar etter, den 8. september 1941, tok ei ny skøyte ut med to mann ombord. Dei var innoom Sør-Reime og henta fem mann til før dei i dorgefart sette kursen mot Eigersund, der dei venta på ein høveleg sjanse til å stikka over havet. Alle sju kom velberga over til britisk jord.

Ei gruppe på 18 unge menn la planar for ein ny overfart i slutten av september same året. Men då dei skulle dra, streika motoren og reisa måtte utsetjast. Gestapo fekk nyss i dette og gruppa vart arrestert. Berre ein slapp fri sidan han var så ung. Dei andre vart sende til Grini der 15 av dei fekk dødsdom. Dei to yngste slapp dødsdom på grunn av alderen. Men 15 ungdomar frå Hå vart skotne i Trandumskogen natt til 21. mai 1942. Namna deira er å finna på minnesteinane ved Nærbø og Varhaug kyrkjer saman med namna på andre frå Hå som let livet i 2. verdskrigen.



Krigsminne-vandring i Hå

UELAND RADAR


Det er ikkje så mange synlege krigsminne på Høg-Jæren i dag. Men her på Ueland kunne ein lenge sjå bunkeren som var grunnmur for den kjempestore radaren tyskarane hadde her. Den låg borte på Såbrekka med utsyn over store delar av Jæren.

Det var i september 1942 at Kompani nr. 11 i Luftvarslingsregiment 251 tok dette området i bruk. Kompaniet hadde kodenamnet "Wachtholder". Den store radaren på 11 x 30 meter med ei total høgde på 16 meter må ha vist godt. Mammut'en vart han kalla. Tyskarane hadde ein slik radar til, og den stod på Trøndelagskysten. Radaranlegget på Ueland var eitt av dei første tyskarane bygde her i landet.

Mammut'en si primære oppgåve var å oppdaga fly på lange avstandar. Tyskarane oppgav største rekkjevidde til 400 km. Men han kunne berre søkja i eit område på 100 grader, og difor sette dei to antennesystem på same masterekkja

- rygg mot rygg. Berre eitt kunne brukast om gongen, slik at ein måtte velgja om ein ville "sjå" ut over havet eller innover land. Men det største minuset var at Mammut'en var svært utsett for fiendtlige forstyringar.

Til 11. kompani hørde óg andre, mindre radarar, to stk. Würzburg D (Bauart 213), og to stk. Freya LZ-radarar. Tre av



dei var plasserte i Opstadmarkene/Kanaheia, medan den andre Freya'en stod i området Odland/Tjemsland.

Mesteparten av dei 213 tyskarane som var på Ueland sommaren 1943, heldt til på Såbrekka. Resten var stasjonerte

1 km aust, i flymeldestasjonen som låg i ein nedgravd sambandsbunker. Denne sentralen på Jæren var ein liten del av det samansette tyske luftvernnettverket.

Den første tida tyskarane var på Ueland rekvirerte dei heimehus, driftsbygningar og skulehus, men etter kvart stod bunkerar og brakker ferdige. Det kom mange russiske krigsfangar til Ueland, og dei vart sette til å byggja kanonstillingar, grava grøfter og gjera anna tvangsarbeid. Det var 9 stk. 2 cm "Flak"-luftvernkanonar på plassen til forsvaret av radaranlegget.

Alt gjekk stort sett roleg for seg på Ueland. Det hende likevel at tyske eller allierte fly sleppte bomber for å letta lasta på veg heim frå ei tokt.

Slik fekk utmarka på Høg-Jæren store sår, i form av vide bombekrater.

To hendingar i det siste krigsåret har likevel sett seg i minnet til mange i Varhaug.

27. februar kom eit alliert to-motors Mosquito-fly inn over Odland og gjekk til



åtak på eit godstog lasta med maskinkanonar og mitraljøser. Flyet gjekk til åtak bakfrå og skaut seg framover gjennom heile togsettet. Ei tankvogn vart skoten i brann, ei kjelevogn fullstendig øydela, og delar av skjengangen måtte skiftast ut.

5. april vart tapa for tyskarane større. Eit engelsk fly kom overraskande på det

nordgåande, strengt vakta militærtog, som visstnok frakta nyutvikla tyske einmannsubåtar. Flyet gjekk først til åtak på toget, tok ein runde om Varhaug og skaut på stasjonen der, før prosjektila på nytt bora seg gjennom togvognene. Fire tyskarar vart drepne, og ein norsk baneformann råka av eit skot i låret. Skadane på damplokomotivet vart og store.

Etter denne hendinga vart menn frå bygdene her pålagde å gå "borgarvakt" på jernbanebruene på kvelds- og nattetid. Enno kan ein sjå spor etter det siste flyåtaket på jernbanebrua på Odland der rekkverket har tydelege merke etter prosjektila.




Krigsminne-vandring i Hå

BRUSAND

Det er nok mange som har køyrt riksveg 44 over Brusand og undra seg over steinane og betong-klossane langs vegen. Sidan krigens dagar har "Hitler-tennene" stått som minnesmerke om den tyske krigsmakta sin aktivitet i området.

Desse tanksperringane som tyskarane let byggja for å stå imot ein eventuell alliert invasjon, er framleis lett synlege mellom Varden og Holmestø. Herifrå bygde dei steingard og grov ei djup og brei grøft vestover Kvalbein. På utsida la dei miner i tusental. I utmarka på Kvalbein er spora etter minebeltet godt synlege. Steinblokkene vart henta i steinbrotet på Varden og transporterte på jernbanevagger. Men her er og støypte blokker.

Det var rundt årsskiftet 1942/43 at den "nasjonale arbeidsinnsatsen" på Brusand



tok til. Hundrevis av mann frå Stavanger til Eigersund vart utskrivne til tvangsarbeidet, kommanderte ut med hakke og spade, eller hest og kjerre. Dei fleste vart skrivne ut for seks veker, men for mange vart det til eit par år. Arbeidsløna var kr. 1,60 pr time i førstninga. I tillegg fekk ein 10 øre timen for kvart reiskap. Arbeidsdagen var jamt over 10 timar. Arbeidet var hardt og klede og sko var ofte dårlege. Det hende nok at arbeidet vart sabotert. Det vert fortalt at vaksne karar drog same steinen fram og tilbake på slede i fleire dagar. Den militære verdien av tanksperringane vart også trekt i tvil. Mange meinte nok at arbeidet først og fremst vart brukt som eit middel for å ha kontroll med potensielt "farlege" rogalendingar.

Det ser ikkje ut for at forsvarsverket nokon gong vart sett på prøve, men krigshendingar i området sette andre spor etter seg.

I oktober 1942 styrta eit Halifax-fly ved Helleren i Eigersund. Flyet kom frå England og var eigentleg på veg til sabotasjeoppdrag i Polen, men kom ut av kurs. Dei ti omkomne polakkane vart gravlagde i sanden på Brusand.

19. november letta to nye Halifax-ar i Skottland. På slep hadde dei kvart sitt Horsa MK1-glidefly. Operasjon "Freshman" var sett i

gang - ein sabotasjeaksjon mot tungtvassanlegget på Vemork.. Flya kom ut for sterkt uver, tett skodde og forrykande snødrev, med nedising av slepetrosser og flyvinger. Eit av desse dobbeltflya, som då hadde gjort vendereis mot Skottland, kom inn over Helleland i Dalane. Det hadde mista høgde, og festet til glidaren losna. Alle i Halifaxen omkom under styrten, medan 14 av 17 kommandosoldatar ombord i glideflyet sensasjonelt overlevde - inntil vidare. Einaste utveg var å overgje seg til tyskarane. Alle vart avretta ved skyting. 17 lik vart pakka i presenningar, køyrde til Oгна, og lagde i massegrav i sanddynene ved Varden.

To og eit halvt år etter, ved krigsslutt i 1945 vart lika gravde opp att. 27 utanlandske krigsheltar skulle snart få sine verdige gravstader.

På Hårr bygde tyskarane våren 1941 hær-kystbatteri nummer 17 i regiment 978. Fleire hus blei rekvirerte og okkuperte. Til batteriet høyrde fire franske 10,5 cm feltkanonar, med ei skotvidde på 16 kilometer. Dessutan eit par 2 cm luftvernkanonar og tre mindre panservernkanonar.

Mang ein bilist som har kjørt gjennom Hårr-svingen på rv. 44, har nok

lagt merke til det karakteristiske, firkanta tårnet. Oppi dette observasjonstårnet stod dei tyske vaktene og speida etter fiendefly, og rapporterte til meir sentrale delar av Luftwaffe. Okkupantane, som var her i fire år, bygde og Hårrheimen, til forlegning og messe. Og så grov dei ut ei lang skyttargrav langsmed strandlinja.

Etter eit alliert bombetokt mot molybdengruvane på Knaben i midten av november 1943, sleppte gruppa av amerikanske B-17-bombefly fleire bomber over Vigrestad, Kvasseheim og utover sjøen for å letta seg. Det vart mindre skadar hus, medan utmarka vart råka av den "svarte søyla" av bomber i det flya for vestover. Sjøen "fosskoka" og fisken flaut daud opp etterpå. Dei største, kjegleforma bombekratera var opptil tre meter djupe og seks meter i diameter. Nokre er synlege den dag i dag.



Krigsminne-vandring i Hå

HANABERGET/KVIALEIREN

Med den utsikta det er her frå toppen av Hanaberget er det lett å skjønna at tyskarane såg på plassen som eit aktuelt område for militære installasjonar.


Det tok likevel tid før Hanaberget vart strategisk viktig for Wehrmacht, men då tyskarane først kom hit i 1942, vart det bygging og stadig utbygging. Dei hadde det travelt, for då den massive kommandobunkeren skulle støypast, arbeidde dei dag og natt, under fullt flomlys. Då freden kom 8. mai 1945, var forsvarsverket på Nærbø, batteri nr. 6 i Marineartilleriavdeling 503, knapt nok ferdigstilt.

Det var ein stor tysk styrke som heldt til her, heile tida minst 300 mann. Styrken hadde forlegning i brakker og bunkerar

på sjølve Hanaberget og i brakker på begge sider av vegen inn mot Båden. Heile anlegget vart på folkemunne kalla "Kvialeiren".

Leiren fekk namnet sidan vegen gjekk over Kvia, men mesteparten av installasjonane låg likevel på Audamotland. I dette området var det tungt jernbaneartilleri med 4 stk. 24 cm kanonar, ein FuMO 214/15 radar, 7 stk. 2 cm luftvernkanonar, 20 flammekastarar, 2 stk. 150 cm lyskastarar, 2 stk. 60 cm lyskastarar, 9 tunge og 2 lette maskingevær.

Tyskarane sette fart i utbygginga av den breispora Sørlandsbanen mellom Stavanger og Oslo. General Nicolaus von Falkenhorst, sjefen for dei tyske invasjonsstyrkane, stod for den offisielle opninga 1. mai 1944.




I desember same året rulla fire franske 24 cm jernbanekanonar, modell 93/96, bygde rundt 1906, inn på sidespora på Audamotland. Desse spora og kanonplatingane kan ein enno sjå tydeleg sør i marka. Kanonane var rundtskytande, med ei rekkjevidde på 24.600 meter. Kvar av dei vog heile 141 tonn, medan granatvekta var 162 kg. Til dette batteriet, som kom til Nærbø frå Narvik, høyrte og ein 15 cm lysgranatkanon ved fyret på Obrestad. Den hadde til oppgåve å lysa opp sjøen ved ein eventuell invasjon. Desse kanonane vart berre brukte ein gong, 18. desember 1944, til prøveskyting. Då måtte gardsbruket Båden evakuerast. Det heiter seg og at stoveklokka på Gamle Audamotland stogga på grunn av lufttrykket! Etter krigen blei kanonane frakta til Austlandet for opphogging.

Radaren, FuMO 214/15, vart av Luftwaffe brukt som eldleining for tungt luftvern. Den vart og leieradar for eigne fly når fiendtelege fly som kom inn mot kysten, skulle avskjerast. Radaren, óg kjend under namnet Würzburg-Riese, var plassert på

sida av den svære kommandobunkeren på Hanaberget. Når tyskarane ikkje hadde øvingar, var radaren kamuflert av eit flettverk av taumateriale, slik at han likna ei kvitmåla kyrkje.

Her er synlege merke etter messe, mannskapsbrakker og to aggregatbunkerar.



Mest imponerende er likevel kommandobunkeren, der berre innmatten er borte. Heile 40 tonn jern gjekk med til bygginga, ryktest det.

Kring heile Hanaberget hadde tyskarane lagt ut eit minebelte.

Sist, men ikkje minst, må navigasjonssystemet "Elektra & Sonne" nemnast. I dette systemet var det tre femti meter høge radiomastre, ei på Husveg, ei på Hobberstad og ei på Reime, som tyske fly og båtar navigerte etter. Mastrene er i bruk den dag i dag, og småbåtar vil framleis navigera etter det tyske systemet, som i dag er heilautomatisk. Sentralen ligg i Vigreskogen.



Krigsminne-vandring i Hå

VEDAFJELLET

I mange år var det nok berre dei mest lokalkjende Hå-buane som visste kor gjennombora Vedafjellet i Sirevåg var av tunnelar og bunkerar med far etter kanonstillingar. Det tok mange år før dette området vart frigjort for folk flest. I dag er det eitt av dei tydelegaste krigsminna i Hå.

Okkupasjonsmakta bygde opp eit systematisk kystartilleri på Jær-kysten, artilleriregiment 978. Batteri nr. 16 låg på Obrestad, nr 17 på Haarr og her ved Sirevåg i gamle Ognakommune låg nr. 18 som fekk namnet "Ognabatteri", og vart det mest omfattande festningsverket. Men det er fleire synlege krigsminne her i det sørlege Hå.

I tillegg til tanksperringane frå Brusand til Kvasshem er det spor etter sperrestillingar på Kvidaberget, Hølland, Hetland og Varden.


Dei første tyskarane kom tidleg i 1941 og sette igang vakthald rundt Sirevåg hamn. Ein del hus utover Oddane vart rekvirerte, og utbygginga i området starta. Sjølv hær-kystbatteriet vart etablert i desember 1942, med fire 8,8 cm Flak luftvernkanonar plasserte i provisoriske stillingar på nordsida av hamna.

På Vedafjellet var aktiviteten stor på denne tida. Den sivile organisasjonen "Todt" utførte sprengnings- og bygingsarbeidet. Dei nytta seg av utskrive mannskap frå Eigersund, og krigsfangar, polakkar og russarar, frå leirar i Eigersundsområdet.

Sommaren 1943 var anlegget ferdig og dei fire 8,8 cm kanonane vart plasserte i ein "firkant" på toppen av Vedafjellet. Kanonane, opphavleg russiske luftvernkanonar av


kaliber 8,5 cm, hadde tyskarane bora opp med 0,3 cm. Rekkjevidda var 15 kilometer. Kwartetten på Vedafjellet vart styrt via elektrisk kabel frå sentralsiktet i kommandobunkerer, slik at alle sikta etter same målet samstundes. Det er rimeleg å tru at kvartetten kunne fyra av kring 60 skot i minuttet. Fleire gonger vart det skote med kanonane. Det var ved prøveskytingar på eit skipsvrak på holmen Raunen nord for Ognabukta, ved alliert åtak på tyske konvoiar og då 70 - 80 allierte fly flaug over området. Dei skulle bomba Knaben. Ingen i området registrerte fly som gjekk ned etter direkte treff.

På Vedafjellet var det elles fleire 2 cm luftvernkanonar, ein 5 cm panservernkanon, stilling for 20 mm tvilling maskingevær, stasjonære flammekastarar, løpegrav for nærforsvar på nordsida og forlegningsbrakker. Og alt var inngjerda med ei avskrekkande piggrådsperring! Piggråd var det og nede i sjølv Sirevåg; ei langsgående sperring frå hamna og nordover Veden og Sannarvågen. Og på Ognasanden starta det omlag 40 meter breie minebeltet. Inne i jernbaneskogen



på Nylund låg hovudforlegninga for Ognabatteriet med fleire nærforsvarstillingar i terrenget rundt.


Det var ofte skyting og trefningar til sjøs i Sirevågsområdet, men trass alt relativt roleg. Eller som ein sa: "Ein følte det nærmare enn det var". I slutten av 1944, gjekk britiske fly til åtak på ein tysk konvoi utanfor Sirevåg. Båtar sokk, og lokale fiskarar assisterte i redningsarbeidet. Ein heil del vrakgods vart plukka opp. Og fisken i sjøen døydde som følge av trykket frå eksplosjonane og flaut opp. 500 kg lyr vart utbyttet for ein båt.



Vedafjellet



-  Her er du nå
-  Sti
-  Tunnel
-  Kommandopost

-  88 mm kanon
-  50 mm panserkanon
-  20 mm luftvernkanon
-  mg - stilling

På Vedafjellet var aktiviteten stor under krigen. Den sivile organisasjonen "Todt" utførte sprengnings- og byggingsarbeidet. Dei nytta seg av utskrive mannskap frå Eigersund, og krigsfangar, polakkar og russarar, frå leirar i Eigersundsområdet.

Sommaren 1943 var anlegget ferdig og dei fire 8,8 cm kanonane vart plasserte i ein "firkant" på toppen av Vedafjellet.

Kanonane, opphavleg russiske luftvernkanonar av kaliber 8,5 cm, hadde tyskarane bora opp med 0,3 cm. Rekkjevidda var 15 kilometer.

Kvartetten på Vedafjellet vart styrt via elektrisk kabel frå sentralsiktet i kommandobunkeren, slik at alle sikta etter same målet samstundes. Det er rimeleg å tru at kvartetten kunne fyra av kring 60 skot i minuttet.

Fleire gonger vart det skote med kanonane. Det var ved prøveskytingar på eit skipsvrak på holmen Raunen nord for Ognabukta, ved alliert åtak på tyske konvoiar og då 70 – 80 allierte fly flaug over området. Dei skulle bomba Knaben. Ingen i området registrerte fly som gjekk ned etter direkte treff.

På Vedafjellet var det elles fleire 2 cm luftvernkanonar, ein 5 cm panservernkanon, stilling for tvilling maskingevær, stasjonære flammekastarar, løpegrav for nærforsvar på nordsida og forlegningsbrakker. Og alt var inngjerda med ei avskrekkande piggrådsperring!

Det var ofte skyting og trefningar til sjøs i Sirevågsområdet, men trass alt relativt roleg. Eller som ein sa: "Ein følte det nærmare enn det var". I slutten av 1944, gjekk britiske fly til åtak på ein tysk konvoi utanfor Sirevåg. Båtar sokk, og lokale fiskarar assisterte i redningsarbeidet.

Ein heil del vrakgods vart plukka opp. Og fisken i sjøen døydde som følge av trykket frå eksplosjonane og flaut opp. 500 kg lyr vart utbyttet for ein båt.